



Notat

Vår ref.:
20/17196-19

Dykkar ref.:

Saksbehandlar:
Gunn Marit Haugsbø

Dato:
30.11.2023

Referat frå SU og SMU 29.11.23

Det var avtalt felles tidspunkt for avvikling av møte i SU og SMU. Skulen har ikkje fått melding om kven som skal delta som kommunal representant i SU; FAU har førebels peika ut berre ein representant til kvart organ. I tillegg var det forfall frå faste representantar i elevrådet på ungdomstrinnet grunna fagdag på 10. trinn. Dette bidrog til at vi denne gongen var få representantar til stades.

Møtet vart starta med presentasjon av deltakarane og deretter delte vi oss i dei to møte.

Deltakarar i SU:

Ludvik Slettehaug, leiar FAU og leiar av SU
Nora Taule Leikanger, leiar for elevråd 5-7
Turid Gjesdal, representant for andre tilsette på skulen
Gunn Marit Haugsbø, rektor og sekretær for SU

Deltakarar i SMU:

Katrine Frammarsvik, nestleiar FAU
Kristoffer Hylland Fitje, nestleiar elevråd 5-7
Martine Thingnes, vara elevråd 8-10
Marit Friborg Myrene, representant for tilsette

Saker handsama i SU

1. Budsjett og analyse for skulesektoren – orientering v/ rektor

Rektor orienterte om at Sunnfjord kommune har sett i gang ein full gjennomgang, med støtte frå konsulentteneste, av alle tenester ut frå dei økonomiske utfordringane ein ser i kommunen. Utgangspunktet for skulesektoren er at det er nedgang i elevtal i Sunnfjord og dermed reduserte inntekter frå staten til drift av skule. Dette er tema som også har vore omtalte i media. SU vil bli involverte i prosessen vidare.

FAU-leiar vil følgje opp saka i møte med FAU og i dialog med FAU ved Vevring skule. Det kom også fram spørsmål om prosessen med skulestruktur kan ha konsekvensar for ungdomstrinnet i Naustdal.

2. Økonomi og tematur – utvikle felles rutinar v/ rektor

Det er berre Viksdalen skule og Sande skule som gjennomfører tilsvarande tematur på 10. trinn som elevane i Naustdal får. Dette får vi til fordi elevar, føresette og skule samarbeider og det blir gjort ein stor dugnads-innsats for at elevane skal få reise. Store deler av midlane til gjennomføring av turen er samla inn i bygda til dette konkrete føremålet. Det vil derfor vere nyttig å utvikle felles rutinar for kva dei innsamla midlane kan nyttast til. Rektor har vore i kontakt med leiar for økonomigruppa til kull 08 og bedt om at denne gruppa kan vere med i den vidare dialogen.

Konklusjon: SU er samde om at tematuren er vel etablert og ein tur det er viktig å halde på for elevane. FAU ynskjer å bidra til å få til ein god overgang. Det vil bli lagt til rette for at saka kan

drøftast i FAU og at SU kan konkludere med ei skriftleg rutine i løpet av våren 2024.

3. Saker frå elevråda

Nora formidla at elevrådet har arbeidd med ulike saker som elevane har vore opptekne av, t.d. få lov til å tygge tyggis, innefriminutt og at dei ynskjer meir aktivitet i skuletimane. FAU-leiar rosa elevane for engasjementet og særleg at dei var opptekne av læring gjennom aktivitet. Elevane vart oppmoda om å engasjere seg i aktiv læring.

4. Saker frå FAU

a. Kort orientering om hjartesone v/ Ludvik

FAU har over fleire år hatt trygg skuleveg som sak, og det vil den også vere dette skuleåret. Det er særleg utfordringane tett opp til skulestart og skuleslutt som er krevjande. Vi manglar ein god av/på-stigingsplass der trafikken kan avviklast trygt. Både skulen og FAU har fått melding frå foreldre som er bekymra for trafikksituasjonen også denne hausten, og særleg etter at det vart kaldt og frost. Det er observert nedisa bilar med som køyrer heilt inn i innkøyrsla til spesialromsbygget og ryggar ut att i vegen samtidig som det er mange elevar som kjem til skulen. Foreldre ynskjer at det vert sendt ei påminning for foreldre gjennom Visma,

I FAU sitt konstituerande møte oppmoda kommunalsjef Åge Stafsnes FAU om å arbeide for å få etablert hjartesone kring skulen i samarbeid med trygg Trafikk. FAU-leiar er i gang med arbeidet. I møtet såg vi følgjande film - Trafikkfilm Sunde skule om Hjartesone vart vist i møte:

<https://www.youtube.com/watch?v=XNMtjJV2GJA>

Denne filmen er relevant for situasjonen ved Naustdal skule og SU.

Konklusjon om vidare oppfølging:

- i. SU oppmodar om at filmen frå Sunde blir vist til elevane i alle klassar, samtidig som ein drøftar trygg skuleveg/ trygg trafikk
- ii. FAU-leiar og rektor lagar ei påminning om trygg skuleveg som vert sendt ut i Visma til alle heimar. I meldinga skal også lenka til filmen delast og det skal stå informasjon om at det blir arbeidd med Hjartesone. Meldinga vert også lagt på skulen si facebook-side slik at klassekontaktane kan dele den på klassane sine sider.
- iii. FAU og skulen vil samarbeide om vidare arbeid med Hjartesone.

Saker handsama i SMU

1. Planlegging av helseveka

Innspel frå FAU: Fokus på trivsel, varierte aktivitetar, nyttig innhald (gjerne tema som sjeldan eller ikkje vert tekne fram/tabu), trygg trafikk, inkludere, samhald, klippekort for trening-konkurranse, alle har med ei frukt og ein deler opp og serverer. Det var eit konkret forslag frå FAU om å invitere Trygg Trafikk til skulen i helseveka; tema «frå bil til skule»

Innspel frå 8-10: Ha ulike ting som handlar om helse, mat, trening og mikks mellom elevar. Turnering med miksa lag. Ikkje sitte så mykje i ro. Jente- og guteprat med lege/helsepers.

Innspel frå 5-7: Ulike aktivitetar på tvers av trinna, t.d. spel Inkludere andre. Måltid saman, sitte med elevar frå andre trinn i grupper. Bli kjent med nye elevar/ fadderbarn. Elevar kan velje mellom nokre aktivitetar. Turnering med miksa lag.

Konklusjon

SMU er einige om at turnering og trening, mat og samspel, samt innslag av det å lære om helsa, skal vere fokus. Ein ynskjer at andre element som har vore ein del av helseveka vert lagt til andre tider på året (t.d. utkledning, klassens dag...). Elevane ynskjer at FAU gjer avtale med Trygg Trafikk.

2. Nyttårsball på ungdomssteget – FAU ynskjer ei orientering frå elevrådet (kleskode)

FAU har bedt om å få informasjon om korleis elevane har opplevd juleballet

Frå 8-10: Ein har opplevd at 10. trinn har laga/bestemt ein kultur som ikkje 8.-9. trinn har synest om. Dette har bl.a. vore knytt til klede. Det har vore sagt at jentene på 8. trinn skal ha kort kjole, 9. trinn mellomlang kjole og 10. trinn kan ha lang kjole/ballkjole. Nokre elevar seier at 10. trinn har trua med å klippe av kjolane dersom yngre elevar kjem med lang kjole. Det har vore mykje snakk om dette og det har ikkje vore så kjekt å vere jente på 8.-9. trinn.

FAU har føreslått at ein kan ha byttedag, fokus på gjenbruk, nytte valfag/K&H, eller på andre måtar tenke berekraft, skape ein kultur der det ikkje er press, kjøp og status. Kan ein på nokon måte gjere det slik at elevane kan bruke det dei alt har?

Representant for 5-7 seier at dette ikkje er så viktig for gutane. Elevane vil ikkje bruke det andre elevar har brukt; det kan bli kommentarar og ein føler seg ikkje vell i andre sine klede.

Representant for 8-10 trur elevane heller låner tøy av nokon i familien eller kjøper nye klede framfor å bytte med eldre elevar. Elevane ynskjer at det skal vere ok å gå med det ein har og likar. Dei som vil pynte seg kan gjere det, og det vil gå i meir vanlege klede skal kunne gjere det. Det er ikkje klede som skal vere det viktige, men at alle kan få komme.

Det vart diskutert om ein kunne ha eit tema knytt til kleskode, men det var ikkje stemning for det. Vidare snakka ein om at ikkje alle har nokon å låne klede av eller råd til å kjøpe nye klede.

Konklusjon: Temaet må takast opp i elevrådet/ saman med arrangør. SMU forventar at alle elevar skal føle seg velkomne og at alle kan få gå med dei klede dei har, utan kommentarar.

Neste møte i SU og SMU blir 10.01.24 kl. 8-9. Då tek vi sikte på at alle kan delta.

Referent

Gunn Marit Haugsbø
Rektor